

Bygda. Bygda.

En plass langt inn i nowhere. Gjengrodd og i hvert fall ikkje mobildekning.

For mange er det dette som er distriktsnorge. For meg er det et hjem, og eg treng bygda

Eg bur i Selje, rett ved havet, heilt nord i Vestland fylke. I sommar, då eg var guide, møtte eg turistar dagleg som ville flytte hit med ein gang.

Det skjønner eg godt, og det er berre å kome.

Eg bur to minutt unna fjellet fylt av stiar, toppar og hjort, og havet fylt av fisk, kreps og krabbe.

Du er kanskje ein av dei som ville kalt Selje ein plass «in middle of nowhere» som ikkje har McDonalds, Sats eller kjøpesenter. Vi som bor her har derimot naturen, stillhet og naboar som vi tør å prate med. Verdier som gjer at eg heller bur 1 time frå kjøpesenter, i staden for som sild i tønne i ein by.

Likevel tar eg meg ein bytur i ny og ne, og hummerprisane i Bergen er egentlig en eigen grunn til å reise. 1649 kroner per kilo og 549 kroner per hummarhale. Du får sjømat til nesten 2000 kr på ein regntung brygge i Bergen, eller rett utafør eigen dør i Selje. Det regner i eitt sett her òg, men med opplevingane ein får so trur eg at du òg ville sett at vi kan tilby meir enn gjengrodde stader og dårleg dekning.

«Dei unge må flytte heim» sei politikarar.

Det er ingenting eg vil meir enn å kome tilbake til Selje etter utdanning, men kva kjem eg eigentleg heim til?

Ein ting er å kome heim til naboane, naturen og sjømat som ikkje svir i lommeboka.

Ein anna ting er å kome heim til ei bygd utan arbeidsplassar, barnehagar eller skular.

Utan dette er distrikta utan ei framtid.

De unge må flytte hjem, sier politikerne. Og fem minutter etterpå tapper dokke eit svømmebasseng og stenger en skule. Er det dette vi skal komme heim til?

Vi må kjempe med nebb og klør for undervisning som elevane har krav på.

I snart 20 år har bassenget på Selje skule stått tørt. Like lenge har vi kjempa for lovpålagt og livreddande svømmeundervisning. Eg veit ikkje med deg, men som småbarnsforelder hadde ikkje eg latt mine ungar vekse opp på eit svaberg utan å kunne symje. Er det nødvendig med en drukningsulykke for at vi skal bli sett og høyrte?

Stad kommune har ein visjon om å vere «Verdas beste vesle Stad».

Kor mykje hjelper eigentleg det, når alt skal leggjast ned?

Kollapser bygdene, blir det både næringsliv og «vanlige folks tur» til å kjenne på det. Vi får nemlig over 40% av maten vår frå den fiskaren og bonden. På sikt kjem vi derfor ikkje so langt om vi legg ned bygdene, og lar det renne over av folk i byane.

Med mindre Petter Smart kan fikse potetåker på Torgallmenningen her i Bergen, og laks i fontenene.

Vi spør ikke om hverken Sats, MacDonalds, eller kjøpesenter – vi klarer oss veldig fint med Coop Prix!

Vi spør om ein heim, med ei framtid.

Der ungane er trygge på at dei har noko å gå til. Også imorga, og neste veke.

Vi treng arbeidsplassar.

Vi treng barnehagar, skular

og det jævla bassenget.

Med vatn!

«De unge må flytte hjem», sier politikarane.

Nå er det på tide at dokke gjer det mulig.

Jobbar dokke ikkje for det idag vil det vere for seint imorgon, når næringslivet har kollapsa og bygdene er tømt for folk.

Og du, ka kan du gjer? Eg håper du vel politikarar som vil ta vare på heile Norge.

For eg treng bygda, og veit du ka?

Det gjer du òg.

*Amalie Fure, Eid VGS*